

Servas Norge - Norge



Servas-Nytt

Nr. 1 – 2010

Sevas-møte i Rosendal

I Serva-nytt nr. 2 2009 skreiv vi om eit mogleg Servas-møte i august i samarbeid med Hardangersymposiet. No er tid og stad for Hardangersymposiet bestemt, og det vert i Rosendal 14. og 15. august 2010.

Vi tenkjer oss då at vi arrangerer eit Servas-møte i forkant av symposiet. Dette møtet vert då **fredag 13. august, med start kl. 15:00. Laurdag føremiddag sluttar vi oss så til Hardangersymposiet.**

Hovudtema for Servas-møtet vert "Ungdom og Servas". Dette er eit viktig tema, og høver bra som opptakt til "**SERVAS youth meeting 2011**", eit interskandinavisk møte som vert arrangert sommaren 2011. (Sjå omtale av dette i Servas-Nytt nr. 2 2009).

Vår vane tru ved Servas-møte, har vi sosialt samvere om kvelden, der alle kan bidra med seg sjølv og sine evt. kunster.

Servas-møtet vert halde på Folgefonn feriegard i Rosendal, som ligg "vegg i vegg" med Rosendal Fjordhotel, der symposiet vert arrangert, og 1 km frå Baroniet. Feriegarden disponerer 3 utleiehytter med 8 sengeplasser i kvar hytte, fordelt på 3 rom. (Skulle det verta behov for fleire overnattingsplasser, er det fleire andre stader i Rosendal. Det kan evt. organiserast etter kvart). Folgefonn feriegard har vidare eit flott møtelokale i "Raudaløo".

Prisar:

Overnatting fredag – sundag (2 netter): 4000 kroner pr. hytte, d.v.s. 500 kroner pr. person dersom ein utnyttar hyttekapasiteten.

Mat når ein kjem fredag ettermiddag: 100 kroner pr. person (rundstykke, kaffi og kake)

Middag fredag kveld: Ca. 360 kroner pr. person

Frukost, dersom ein ikkje steller seg sjølv: 100 kroner/person

Leige av møtelokale vert dekket av Servas

Møtekontingent til Servas: 200 kroner pr. person (Dekkar fellesutgifter)

Litt om Hardangersymposiet

Dei siste 10 åra har det blitt arrangert ein konferanse i byrjinga/midten av august under namnet Hardanger Symposium. Johan Galtung har heile tida vore ein primærressurs og ein engasjerande innleiar for eit stadig aukande tal deltakarar. Ein hovudtanke er at tiltaket skal vera eit forum prega av "nye idéar og tankefrø med god spireevne". Mellommenneskeleg forståing er eit av mange stikkord der idégrunnlaget er sams med Servas.

Foredragshaldarar i år vert

Johan Galtung: Utsyn over verda

Helge Hognestad: Liv og samvittighet

Irene Nygårdsvik: Akademisering av næringslivet

Aud Bruknapp

M. fl.

Påmelding:

Til Servas.møtet: Interesserte kan melda seg til Dag Eirik Eikeland: dag.eirik.eikeland@sklbb.no eller tlf. 975 56 055. **Påmeldingsfrist 9. juli 2010.**

Til Hardangersymposiet: Påmelding direkte til Hardangersymposiet: Alf H. Brekke: alfhbrekke@gmail.com, eller tlf. 918 94 757.

Heimeside til Hardangersymposiet: <http://www.hardangersymposium.net/index.htm>